

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hamre

Emne: Julenissen

Bygdelag: Dalebygda (Leknesbygda)

Oppskr. av: Sverre Kvamme

Gard: Mundal

(adresse): Leiknestangen

G.nr. 10 Br.nr. 3

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Oppskrive etter eldre folk
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Dette er det bygdefolket veit og meiner om nissen.

SVAR

1. Nissen heldt til i uthusa, men kunne også syna seg i heimehuset, - så som på lemmen (loftet), i mørke kjellarar. Dei som såg han, fortalte at det var ein liten kar i skinnbrok, vesten eller trøya var ikkje alltid raud, ho kunne vera grå eller ha andre fargar. Sers ofte var trøya grøn. Dette kjem visseleg av at grønt var stasfarge her i bygda i eldre tid. Han gjekk alltid med raudhuva. Han var godsleg når ein stelte vel med buskapen. Då såg han etter både eitt og hitt i fjøs, løa og heimehus. Somme stader vart trua på nissen knytt saman med trua på tunkallen, og då kunne det på sume gardar vera eigen sengbu til ~~dette~~ bruk for tunkallen. (Tunkadlabuæ) Tunkallen kunne også bu under steinar, i holer (Tunkadlahølå) og også under bergufser (heldrar). Omgrepene Nisse og Tunkall flyt tildels saman.

I jula var nissen sers aktiv. Det var hans beste tid. Julekvelden måtte kveldsmaten stå att på bordet. Om natta, etter folka var sovna, kom nissen og smaka på ~~julematen~~. Tykte han vel om maten, som her i bygda alltid var fisk, poteter og flatbrød, så synte han dette med å leggja korn under bordet. Dette såg folka vel etter juledagsmorgonen. Merkeleg ofte var det korn å finna. Det gav gode voner for komande år og grøda, helsa og ~~trivnaad~~. Husfaren eller husmora sytte for at kornet kom under bordet. Det gav tryggleik for tenrarar og born. Hadde dei bryggja øl til jul, stod alltid ei fyllt ølskål på bordet. Det ølet skulle nissen ha til maten.

Før år 1900 var det ikkje skikk å gjeva julegåver her i bygda. Folk fekk sakte både kle, skor og andre

praktiske gåver. Men desse var tilverka i heimen ut over hausten og førejulsvinteren, og vart ikkje sett i samband med nissen.

Etter år 1900 vart folk meir velståande og skikken med julegåver vart årleg meir kjend. Men til siste åra har ikkje nissen noko med utdelinga å gjera.

Etter 1945 har eg fått opplyst at i berre ein heim kom nissen med gåvene. Elles syter dei vaksne for at gåvene kjem under treet, og at borna tek pakkene derfrå når utdelinga børjar. Nissen som gavéutdelar er altså i 1953 ikkje vanleg skikk.

Kring 1920-30 hende det stundom at nissen kom med gåver på barnefestar. Skikken synes ikkje å vinna medhald.

At nissen skal koma - og kjem med julegåver er ein ny skikk som folk har kjennskap til gjennom julekort, julehefter, ~~og xlitteraturen~~ bøker og blad, biletseriar og kanskje mest gjennom forretningsreklame.

Nissen er fraleis ^{III} godmodig og hjelpsam, og er ikkje modernisert.

2. Frå og med 2. juledag hender det at gutar og gjenter frå lo år og eldre tek på seg gamle klede og leikar nisse. (nissemenn, nissekoner, nissegutar, nissegjenter) Dei går då om kveldane på gjesting til grannetuna og syner seg fram der. Då er skikken at dei får eit eple eller nokre neter i korga dei har med. Det er ikkje ålment ~~å~~gjera å kle seg ut, men hender rett ofte.
3. Det er helst unge gutar som kler seg ut som nisse og går til grannetuna. Nissen er best lika når han er liten.
4. Utsyret er mangfoldig. På føtene det som høver med ver og føre, oftast knebukse, sumtid frakke, raudhuva, kvitt hår og skjegg. Aldri raud fotsid kufte.
5. Dette utstyret lagar gutane ofte sjølv. Kleda bør vera så gamle at folk har gløymt dei. Hår og skjegg vert laga av ull, maskene av ymse slag papir som vert fargelagd på mange måtar etter som ein kan skaffa fargestoff. Best likar ein å bruka kjøpemasker.
6. Som ovanståande fortel, har vår bygd sine nissar mest karakter av julebukk.
7. Og det hender at dei deler ut små gåver som sjokolade, frukt og liknande. Oftast hender det likevel at dei får gåver som ovanfor nemnt.
8. Dei nye nissane vert nok berre i barnetanken sett i

samband med den gamle nissen i løa som fekk mat på julebordet. (Julegraut i løa ikkje brukt her.) Og færre og færre ser nissen, men fleire og fleire vil avliva nissetøyset. Borna får lite vita om den gamle nissen, og får si nisselførestelling ved reklame og teikningar: Ein nisse med stappfull sekk med julegåver.

9. Eg kan ikkje koma på soger om gåver som kjem til tuns på merkelege måtar. Det hender sjeldan, men det hender at foreldra seier: Er de snille og lydige, så kjem kanskje julenissen med noko til dykk. Å setja ut skåler, hengja sokkar på sengestolpen og liknande er ikkje bruks.

Stutt sagt: Dei leivningane av nisselførestellingane som lever i bygda er knytte til "fjøsnissen". Det ville vera ille om denne nissen skulle vika plass for "reklamenissen".